

Juni 2022

Samhandlingsnytt

Kjære lesar

Ein innhaldsrik vinter og vår ligg bak oss og sommarferien står for døra. Våren har vore prega av mykje møteaktivitet, konferansar og fysiske treffpunkt med samarbeidspartnarar. Det har vore kjekt etter lang tid utan å ha høve til å møtast i vesentleg grad.

Samhandling er stadig i fokus, også hos myndighetene, og vi ser i aukande grad at helsefelleskapet blir ein viktig arena for forankring, planlegging og gjennomføring av tiltak innan tenestetilbodet.

Dei beste ønskje for ein god sommar!

Samhandlingskonferansen 2022

Vi ønskjer velkomen til Samhandlingskonferansen: Frå part til partnarar - saman står vi sterkare.

1. og 2. november kan vi igjen ønskje velkomen til Samhandlingskonferansen, denne gongen på Scandic Sunnfjord hotell i Førde.

Konferansen kjem i år til å fokusere på lokale utfordringar, kompetanse, rekruttering og utviklingsarbeidet rundt dei fire prioriterte pasientgruppene i helsefelleskapet. Målgruppe: Overordna politisk og administrativ leiing i kommunane og Helse Førde. Leiarar innan helse- og omsorgssektoren, leiarar i Helse Førde, kommunelegar, leiarar i fylkeskommunen, hos Statsforvaltaren og i universitets- og høgskulesektoren.



Kontakt

Nettstad

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane>

www.samhandling-sfj.no

Kontaktperson

[Dagrun Kyrkjebø](#)

Samhandlingssjef

Helse Førde

Møtedatoar for Sogn og Fjordane helsefelleskap 2022

Fagleg samarbeidsutval

16. september

17. november

Strategisk samarbeidsutval

21. september

30. november

Partnarskapsmøte

27. oktober

Meir informasjon om arrangementet er å finne her: [Vestland: Samhandlingskonferansen 2022 - KS](#)

Ifoto: AlexMax, iStockphoto



Siste nytt frå:

Praksiskonsulentane (PKO) v/leiar for PKO i Helse Førde Normund Svoen

Praksiskonsulentane i Helse Førde har mange baller i lufta vedrørende samhandling – hovudsakleg mellom allmennlegetenesta og sjukehusa. Nettsida til PKO er oppdatert og her finn ein oversikt over aktuelle viktige saker som blir formidla ut til allmennlegekorpset. Kopi går også til mange sentrale samarbeidsparter i Helse Førde.

Hovudsida med info om PKO-ordninga, praksiskonsulentane i Helse Førde og som gir tilgang til alle aktuelle lenker inkludert dei som kjem under her:

[Praksiskonsulentordninga \(PKO\) - Helse Førde \(helse-forde.no\)](#)

Aktuelle saker – dei nyaste øvst:

[Aktuelt - Helse Førde \(helse-forde.no\)](#)

PKO kalender med aktuelle samhandlingskurs aktuelle for allmennlegar:

[PKO-kalender - Helse Førde \(helse-forde.no\)](#)

Felles brukarutval v/leiar Eiliv K. Berdal

I siste møte i Felles brukarutval (FBU) var «Status for Livabygget» og «Etikk i helsevesenet» hovudtema.

Livabygget: I arbeidet med Livabygget har det vore eit godt samarbeid mellom prosjektleiinga og brukarutvalet. Brukarutvalet har hatt representantar i styringsgruppa, i prosjektgruppa og i 4 undergrupper.

I møtet den 8 juni gav prosjektleiinga og arkitekt ei innføring i tema som innvendig fargeval, ivaretaking av universell utforming i bygget og utsmykking. Interessant var det at ideane som er lagt til

Månadens intervju



Foto: Dag Frøyen, Firdaposten

Kjell-Arne Nordgård
Kommuneoverlege
Kinn kommune

Kva engasjerer deg innanfor samhandlingsfeltet?

Det som engasjerer meg mest på samhandlingsfeltet for tida er korleis få til dei gode vekslingane mellom tenestetilbydarane til pasientane. Her må ein ha fokus både på vekslingane mellom dei kommunale tenesteytarane, og vekslingsfeltet mellom kommunen og spesialisthelsetenesta. Vi ser at sårbarheita aukar i takt med problemstillingane sin kompleksitet. Då er det viktig at vi som deltakar i aktørkartet rundt brukaren gjer oss tilgjengelege, og delar relevant kunnskap og informasjon med kvarandre.

grunn for fargevalet i det eksisterande sjukehuset er ført vidare på ein spennande måte i det nye Livabygget.

Etikk i Helsevesenet: Temaet vart belyst av leiar i Klinisk etisk komité Helge Sårheim.

Det vart lagt fram «case» som belyste dilemma og konflikt som kan oppstå i samhandlinga mellom lege, pasient og pårørande. Det kan vere konflikt i høve faglege verdiar, etiske verdiar og/eller verdikonflikt mellom aktørane.

Temaet skapte stort engasjement og bør følgjast opp i seinare møte.

Sogn og Fjordane helsefellesskap

Erfaringskonferansen psykisk helse og rusarbeid: I mai vart det for første gong arrangert erfaringskonferanse innan psykisk helse og rusarbeid for tilsette i kommunane og Helse Førde. Konferansen hadde som målsetting å sette søkelys på dei områda som helsefellesskapet skal samarbeide endå tettare rundt i åra framover. Alle deltakarar fekk høve til å påverke framtidig satsing innanfor psykisk helse og rusfeltet, samt å bygge viktige relasjonar og nettverk på tvers av organisasjonane. Konferansen hadde om lag 120 deltakarar og målgruppa var tilsette som jobbar innanfor dette samhandlingsfeltet, leiarar og brukarorganisasjonar.

Informasjon om konferansen finn de: [HER](#)

Felles planlegging: Av aktivitetar i helsefellesskapet i tida framover er utvikling av strategi, tydelege prioriteringar for arbeidet og ein konkret handlingsplan for vidare arbeid, spesielt knytt til dei fire prioriterte pasientgruppene: barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidningar noko av det viktigaste framover. Dette arbeidet vert hovudsak på møta i helsefellesskapet i september.

Avvikling av operativt samhandlingsråd og taktisk samhandlingsgruppe: Taktisk samhandlingsgruppe vart oppretta i samband med Covid-19 pandemien etter oppmoding frå Koordineringsrådet som oppfølging av felles prosedyre for Helse

Månadens intervju, forts.

Kva verdiar synes du er viktig for å oppnå god samhandling?

Om ein tek seg tid til å finne ut kva som er viktig for pasienten og nyttar dette som utgangspunkt, har ein ei god rettesnor for vidare samhandling. Så må aktørane vere framoverlente i tilnærminga si for å sikre at ein har tilstrekkeleg kunnskap og informasjon om pasienten. Då vil vi få tryggare pasientar og pårørande, som også følar seg høyrde og ivaretekne.

Korleis ser du føre deg samhandling mellom tenestnivå om 10 – 15 år?

I framtida ønskjer eg meg meir proaktive tenester med rutinar tydeleg forankra i avtaleverket. Vi må ha ein arena for faste møtepunkt mellom fagfolk og leiarar. Det er også ønskeleg at dataverktøy blir utvikla på ein måte som stimulerer til effektiv samhandling. Då kan ein samordne tenesteytinga og gjere informasjon og kunnskap lett tilgjengeleg

Kjell-Arne Nordgård er også nyvald leiar av kommuneoverlegenettverket i Sogn og Fjordane.

Lukke til med arbeidet!

Førde og kommunane «Samarbeid mellom Helse Førde og kommunane ved influensapandemi». Gruppa hadde første møtet 10.03.20, og har gjennomført 64 digitale møter i perioden mars 2020 – mars 2022. Taktisk samhandlingsgruppe skulle bistå med medisinske vurderingar og tilrådingar, og kunne ta ei rolle i å koordinere tiltak i primær- og spesialisthelsetenesta. Gruppa har vore breitt samansett av fagfolk frå kommunane og Helse Førde og har vore leia av fagdirektør i Helse Førde. Taktisk samhandlingsgruppe har hatt ei viktig rolle for å sikre god samhandling og raske avklaringar mellom helseføretak og kommunane under pandemien. 29.03.22 vart siste møte i gruppa avvikla og gruppa vart formelt avvikla i strategisk samarbeidsutval 20. mai 2022. Operativt samhandlingsråd mellom kommunane og Helse Førde vart også vedteke avvikla i same møte.

Meir informasjon om helsefelleskapet kan ein finne her: [Sogn og Fjordane helsefelleskap - Helse Førde \(helse-forde.no\)](https://www.helse-forde.no)

Avansert heimesjukehus (AHS) for barn og unge – nytt prosjekt i Helse Førde

Barn og unge med alvorlege eller livstruande sjukdommar er ofte innlagde i sjukehus. Mange av dei vil leve i fleire år med tilstanden sin.



Det er viktig for barnet, men også for søsken og foreldre si helse og livskvalitet, at familien kan vere heime, og samla, så mykje som mogeleg. Om det sjuke barnet og ein forelder oppheld seg mykje på sjukehus, medan resten av familien er heime, gir det ei stor tilleggsbelastning for heile familien. AHS er ein måte å unngå dette på.

Målet er å kunne tilby sjukehusbasert heimebehandling til barn som krev hyppig behandling i spesialisthelsetenesta, som eit alternativ til sjukehusopphald.


Målgruppa er barn og ungdom i alderen 0–18 år med helseutfordringar som eignar seg til sjukehusbasert heimebehandling.

Illustrasjonsfoto: Hjemmesykehus, Barnekreftforeningen

Føresetnaden er at tilbodet har likeverdig kvalitet med innlegging og er trygt, og at dei skal ha eit klart ønske om at spesialisthelsetenester vert ytt heime eller i nærleiken av heimen.

Prosjektet planlegg oppstart av ein forsøksperiode med AHS hausten 2022.

Nytt Samhandlingsbarometer ligg opent til bruk for alle på nett



Det nye Samhandlingsbarometeret (SB) er endeleg klar for å bli brukt, og ligg opent tilgjengeleg på nett på sitt «gamle» domene <https://Samhandlingsbarometeret.no>. Databasen vil bli utvikla vidare framover, særleg vil data tilrettelagt for helsefellesskapa ha stort fokus.

SB er strukturert med presentasjonar/rapportar for Norge, regionale helseføretak (RHF) med tilhøyrande føretak (HF) og kommunar i opptaksområda. I den nye løysinga publiserer vi data for heile landet, inkludert bydelar der data er tilgjengelege, og ikkje berre for Helse Vest og Helse Nord som tidlegare.

I første omgang vil Samhandlingsbarometeret innehalde eit avgrensa sett med indikatorar i forhold til det ein hadde i det tidlegare barometeret, men nye variablar vil

come inn etter kvart. Tilgang til oppdaterte data frå dei ulike kjeldene vi nyttar er avgjerande for oppdatering av data og kva nye indikatorar som kan publiserast. For oss er det viktig å presentere mest mogeleg variablar for kommunane, også dei med lågt innbyggjartal. Likevel kan det skje at data på enkelte variablar ikkje kan visast for alle grunna personvernomsyn.

I tida framover er det viktig å finne ut korleis den nye løysinga fungerer teknisk sett. Vi oppmodar difor dykk som brukarar til å gå inn på dei ulike indikatorane og gjere dykk kjende med løysinga. Sjølv om vi kontrollerer tala best mogeleg før dei blir lagde ut, kan det førekomme utilsikta feil.

Vi er glade for alle tilbakemeldingar knytt til data og utfordringar de opplever når det gjeld bruk. Forslag til aktuelle nye indikatorar er også velkomne. Send oss gjerne ein e-post om dette til samhandling@helse-forde.no

Vi håper det nye Samhandlingsbarometeret, saman med andre kjelder, vert opplevd som nyttig i det viktige arbeidet med å få til god samhandling på tvers i norsk helseteneste!

